

Siri Fredrikson

From: Siri Fredrikson <Siri.Fredrikson@lle.uib.no>
Sent: 24. oktober 2011 14:16
To: inst-raad@lle.uib.no
Subject: [inst-raad.lle] IR-sak 25/11 - sirkulasjonssak
Attachments: IR sak 25_11 sirk..pdf

Til alle i IR,

Vedlagt er sak 25/11. Saken sendes på sirkulasjon, og merknadsfrist er 1. november kl. 12.

Merknader sendes til instituttleder: Johan.Myking@lle.uib.no

Dersom vi ikke mottar merknader innen fristen, er saken tatt til etterretning.

Vennlig hilsen
Siri Fredrikson
sekretær

Siri Fredrikson
administrasjonssjef
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier
Universitetet i Bergen

Tlf. + 47 55582295
www.uib.no/lle

JM 21.10.11

Til instituttrådet

IR-sak 25/11 – sirkulasjonssak: stillingsutlysingar i norrøn filologi og nordisk fagdidaktikk – utlysingstekstar

Vedlagt følger to utlysingstekstar innom fagfeltet nordisk: professor/førsteamanuensis i norrøn filologi og førsteamanuensis i nordisk fagdidaktikk. Til den siste teksten er det to vedlegg som dokumenterer prosessen i og overfor fagmiljøet.

Dersom ingen medlemmer av IR sender merknader innan tysdag 1. november klokka 12.00, er saka teken til etterretning.

To viktige presiseringar:

1. Disse stillingane er begge klarerte gjennom vedtak i fakultetsstyret – om ein skal ha dei eller ikkje, er altså ikkje eit tema.
2. Vedtaksmyndet i saka ligg hjå instituttleiaren, ikkje i instituttrådet. Eg ønskjer likevel å ha ei "sløyfe" innom rådet i slike tilsetjingssaker, slik at eventuelle problem, feil eller andre moment som knyter seg til prosessen, kan fangast opp.

Begge tekstane er drøfta med fagmiljøet/-a. Nokre problematiske aspekt ved didaktikkteksten er markerte med farge, dette gjeld mest formelle ting som må drøftast med fakultetet.

Vektlegginga av praksis frå skuleverket kan påverka søknadspotensialet. Når det gjeld norrønteksten, er meldingane frå fagmiljøet at den relativt opne profilen truleg vil fanga opp det søkjarpotensialet som finst her i landet, men òg ha appell til utanlandske søkjarar.

Merknader kan sendast på e-post til meg.

Johan Myking (s.)
instituttleiar

4.10.11 JM

NOTAT: stilling i nordisk fagdidaktikk – grunngeving av fagleg profil

LLE har tidlegare meint:

LLE bad i sitt budsjettinnspel til HF 21.06.11 om ei stilling innanfor nordisk litteratur med tilvising til den alvorlege ressursituasjonen i fagområdet. Denne situasjonen har ikkje vorte mindre alvorleg i haustsemesteret, men ny stilling i litteratur ligg ikkje inne i bemanningsplanen for fakultetet. Det er ein viss dialog med fakultetet om saka, men ingen konkrete lovnader. Ein må òg merka seg at saka om stilling i didaktikk var ukjent for instituttet på det tidspunktet budsjettinnspelet vart sendt.

HF-fakultetet meiner:

I dokumentet *Langsiktig bemanningsplan for Det humanistiske fakultet 2012 - 2016 Utlysning av stillinger 2012*, vedteke av fakultetsstyret 06.09.11, står det berre at "Instituttet avgjør den faglige profilen på stillingen i lys av den totale ressursituasjonen ved faget sammenholdt med det undervisningsoppgavene det er pålagt å dekke." I tillegg er det kjent frå diskusjonane i fakultetsstyret at mange peika på ressursituasjonen for nordisk litteratur, særleg med tilvising til budsjettinnspelet frå LLE i juni 2011.

Nordisk fagdidaktikk meiner:

Grunnlag: Brev frå Heming Gujord og Endre Brunstad 27.09.11, med vedlegg. Didaktikkmiljøet er samansett av to personar, éin med litterær og éin med språkleg spesialisering. Dei har eit samla syn på vegner av fagfeltet nordisk fagdidaktikk, og går inn for open utlysning. Argumentasjonen er fagleg og fagpolitisk – fagdidaktikken går på tvers av tradisjonelle faglege oppdelingar og må vera open både for nye utfordringar frå skuleverket og nye tekstlege/mediale uttrykksformer som er relevante for skuleverket og utviklinga av norskfagleg lærarkompetanse. Didaktikarane legg vekt på at den nye stillinga er ein ekstraordinær ressurs motivert av nye fagtilbod som er initierte av Kunnskapsdepartementet.

Nordisk språk og litteratur meiner:

Grunnlag: e-post med vedlegg frå Christine Hamm og Ivar Utne 28.09.11, med vedlegg. Brev frå Silje Ragnhildstveit og Ann-Kristin Helland 23.09.11.

- Litterær profil: Litteraturmiljøet, støtta av representantar for språkmiljøet, går inn for litterær profil ut frå ressursomsyn. Utan ekstra ressursar kan miljøet ikkje garantera at det kan gje undervisning og rettleiing i dei relevante delane av NORMAU. Samstundes har miljøet tidlegare klårt sagt at sjølv med litterær profil på denne stillinga er ikkje behovet for undervisningsressursar i nordisk litteratur dekt.
- Open utlysning: Store delar av språkmiljøet støttar didaktikarane sitt ønske om open utlysning, og meiner at utlysinga eksplisitt bør femna om alle delar av studiefaget, altså medrekna norsk som andrespråk, norrønt og nyare skrivepedagogikk. Dette vil gje ein betre søkjarmasse til stillinga.
- Norsk som andrespråk støttar open utlysning, slik at norsk som andrespråk ikkje er utestengt. Didaktiske problemstillingar, slik som læreplanrefleksjon, spelar ei viktig rolle i dette faget. Felles læreplanar i norsk gjer no denne kompetansen i aukande grad relevant for alle delar av norskfaget i skulen, og dermed for den kompetansen som må utviklast i studiefaget.

Studentane meiner:

Fagutvalet og Det Norske Selskab har sendt inn to notat med synspunkt på ymse sider av faget slik det fungerer i dag. Det kjem fram mange synspunkt/ønske om revisjon av opplegget for didaktikkemna i lektorutdanninga og eit ønske om å verna om det faglege innhaldet i programmet. Det er likevel ingen synspunkt som eintydig kan takast til inntekt for eit bestemt syn på korleis den nye didaktikkstillinga skal profilerast i høve til språk/litteratur.

Vurdering

Ressursargumentet for nordisk litteratur er reelt. Gjennom litterær profil kan miljøet få tilført ressursar som gjer det lettare å ta ansvaret for den auka rettleiinga og undervisninga som NORMAU vil føra med seg. Samstundes vil ikkje dei grunnleggjande behova i nordisk litteratur kunna dekkjast av denne stillinga, det er framleis behov for ei 'rein' fagstilling.

Det må òg leggjast til at ressursproblema er alvorlege i andre delar av faget òg, særleg i norsk som andrespråk, som altså kan argumentera for open profil ut frå ressursomsyn (men ikkje har gjort i særleg grad). Ressurstoda for nordisk språk vert òg forverra når ei stilling vert inndregen sommaren 2011, og norrøn filologi har i praksis hatt mindre enn halv undervisnings- og rettleiingsbemanning i mange år (men dette vert no retta opp).

Fagdidaktikk som eige fagområde står i ei spesiell stilling i høve til andre delar av norfiskfaget: Didaktikk er eit eige forskingsfelt som krev vitskapleg kompetanse, og dette må utlysinga ta omsyn til. På den andre sida må ein venta at fagdidaktikarar kan stå med eitt bein tydelegare i ein del av faget enn i andre.

Denne dobbeltstillinga vil òg visa seg i arbeidsoppgåvene knytte til mastergradsrettleiing: Det vil ikkje vera praktisk mogeleg å isolera fagdidaktikken til eit eige profesjonsområde med skarpe grenser mot resten av nordistikken. For det første vil kanskje studentane ønskja å leggja meir vekt på 'fag' enn på 'didaktikk', og for det andre vil neppe den nye stillingsinnehavaren åleine kunna rettleia alle NORMAU-studentar som har krav på rettleiing. Fagmiljøet samla må finna ei løysing på korleis ein kan få fordelt rettleiingsarbeidet mest mogeleg jamt utover, men på ein måte som både sikrar at studentane kan følgja sine faglege interesser og at masteroppgåvene får den fagdidaktiske profilen som er kravd. Slike motsetnader eller dilemma kan berre løysast gjennom praksis.

Dette gjer i sin tur at ein må vurdere korleis undervisnings- og særleg rettleiingsbehovet på det nye NORMAU spesielt, men òg innanfor lektorutdanninga generelt, vil fordela seg i åra framover. Det er langt frå gjeve på førehand at hovudtyngda av studentar som skal ha rettleiing, vil søkja seg til litteratur. Det må vera eit fagleg mål at masterstudentane skal fordela seg utover heile spekteret av deldisiplinar i nordistikken. På same måten må alle rettleiarane i alle deldisiplinane på ein eller annan måte vera budde på å handtera didaktiske perspektiv.

Ved utlysinga av denne stillinga må ein òg ta omsyn til at rekrutteringa av søkjarar med vitskapleg fagdidaktisk kompetanse må vera så brei som mogeleg. Ser ein på utlysinga i engelsk, så ser ein vidare at det er kravd erfaring frå arbeid i skuleverket. Desse to krava kan gjera det vanskelegare å få kvalifiserte søkjarar, men krava er vanskelege å omgå. Innsnevring til ein sektor av faget vil i utgangspunktet òg kunna innsnevra søkjarmassen. Kombinerer ein alle desse krava, må ein spørja seg kor mange kvalifiserte søkjarar det er mogeleg å få.

Konklusjon

Dersom fagmiljøet samla hadde tala med éi røyst, hadde saka vore enklare. Det er svært ulike synspunkt i fagmiljøet, derfor må instituttleiaren gjera ei heilskapsvurdering på grunnlag av dei samla innspela i saka. Og då talar overvekta av argument for at utlysinga må kombinera kravet til vitskapleg kompetanse i nordisk fagdidaktikk – noko som må definerast og konkretiserast nærare – med breiddekompetanse i andre delar av nordisk språk og litteratur, medrekna norrøn filologi og norsk som andrespråk.

JM 21.10.11

Framlegg til utlysingstekst

FØRSTEAMANUENSIS I NORDISK FAGDIDAKTIKK

Ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium, Universitetet i Bergen, er det ledig ei stilling i 100 % som førsteamanuensis i nordisk fagdidaktikk. Tiltreding frå 1. august 2012.

Den som tek til i stillinga skal ta del i utviklinga av norsklærerutdanninga ved Universitetet i Bergen, både det femårige lektorutdanningsprogrammet med master i nordisk, den eittårige praktisk-pedagogiske utdanninga (eittårig PPU) og "Erfaringsbasert master i undervisning med fordjuping i norsk" som er eit nyoppretta deltidsstudium over fire år for lærarar som arbeider i skulen. Saman med dei andre fagdidaktikarane ved instituttet skal vedkomande ha ansvar for undervisning, rettleiing og eksamensarbeid i nordisk fagdidaktikk på alle nivå. I tillegg skal den som blir tilsett, kunne ta del i anna undervisning innanfor sin faglege kompetanse. Såleis vil det i stillingsheimelen òg liggje eit ansvar for anten litteratur- eller språkemnet i "Erfaringsbasert master i undervisning".

Kvalifikasjonar

Søklarar må ha doktorgrad i nordisk eller nordisk fagdidaktikk, eller tilsvarande kompetanse. Dersom det ikkje melder seg kvalifiserte søklarar for fast tilsetjing, kan det verte aktuelt med mellombels tilsetjing som førsteamanuensis for ein periode på inntil tre år, dersom det er sannsynleg at vedkomande vil oppnå doktorgradskompetanse i løpet av denne perioden. Når tilsetjingsperioden går ut, vil kompetansen til vedkomande verte vurdert på nytt med tanke på fast tilsetjing. Søklarar utan doktorgrad må ha mastergrad eller hovudfag i nordisk eller nordisk fagdidaktikk, eller tilsvarande kompetanse. Sidan fagdidaktikken tangerer alle delar av nordiskfaget, vil det vere ønskeleg med ei dokumentert brei fagleg orientering. Samstundes legg ein til grunn at den som vert tilsett, har ein særleg kompetanse i tilknytning til ein av disiplinane innanfor nordisk, dvs. nordisk språk eller nordisk litteratur, inkludert norsk som andrespråk eller norrøn filologi, eller kompetanse i eit meir overgripande norskdidaktisk felt som t.d. Skrivning, tekstvitenskap eller lesevitenskap.

Det vert lagt til grunn at den som vert tilsett, vil vere med på å utvikle fagdidaktikken som forskingsdisiplin. Søknaden bør innehalde ei kortfatta skisse over eigne forskingsinteresser og forskingsplanar.

Pedagogisk basisutdanning er eit krav for stillinga. Undervisningspraksis frå skuleverket vil verte særleg vektlagt i vurderinga av søklarane. Ein vil òg leggje vekt på om søklarane har arbeidd med utvikling av læremiddel og har erfaring frå lærarutdanning på høgskulenivå.

Aktuelle oppgåver

Den som vert tilsett, skal ta del i undervisninga i samsvar med dei studieordningane som gjeld. Arbeidsoppgåvene omfattar undervisning, rettleiing og eksamensarbeid for studentar på alle nivå og innanfor alle program som gjeld norsklærerutdanninga ved Universitetet i Bergen. Ein del av undervisninga vert vanlegvis gitt som nettundervisning.

Den som tek til i stillinga, har rett og plikt til å drive forskning innanfor sitt fagområde, og vil også få fagleg-administrative oppgåver knytt til utdanninga.

Vi kan tilby

For den rette søkjaren kan vi tilby eit godt og interessant arbeidsmiljø. Løn etter lønssteg 57–64 (Kode 1011/LR 24). Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga. For særskilt kvalifiserte søkjarar kan det verte aktuelt å vurdere høgare løn.

Andre opplysningar

For utfyllande opplysningar kan ein kontakte førsteamanuensis Endre Brunstad, tlf. 55 58 83 99 eller e-post endre.brunstad@lle.uib.no, førsteamanuensis Heming Gujord, tlf. 55 58 24 39 eller e-post heming.gujord@lle.uib.no, eller instituttleiar Johan Myking, tlf: 55 58 24 18 eller e-post johan.myking@lle.uib.no.

Ein viser til dei generelle reglane ved universitetet om at innanfor normal arbeidsplikt og eigen faglege kompetanse, kan den som vert tilsett, også verte pålagd undervisning, rettleiing og eksamensarbeid utanfor den organisasjonseininga stillinga er knytt til.

Det er ein føresetnad at den som vert tilsett, buset seg slik at ho/han kan ha kontorplass og delta i den daglege verksemda ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium.

Undervisningsspråket er til vanleg norsk.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitenskaplege stillingar. Opplysningar om søkjaren kan verte gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om å ikkje bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir følgd, skal søkjaren varslast om dette.

Dei rangerte søkjarane vil normalt bli innkalla til intervju og prøveforelesing.

Slik søker du på stillinga

Søknaden skal sendast elektronisk via link på denne sida «SØK STILLINGEN».

Dette må følgje søknaden: 1. Søknadsbrev 2. Samandrag av ph.d.-avhandlinga (eventuelt av master-/hovudfagsoppgåva) 3. Alle vitnemål frå universitet/høgskule (skanna versjon) 4.

Publikasjonsliste og representative vitenskaplege og populærfaglege arbeid 5. Namn og kontaktinformasjon på tre referansepersonar 6. Dokumentasjon og informasjon av pedagogisk innsats og kvalifikasjonar

Vedlegga kan vere i word- eller pdf-format.

Merk: Søkjarar må gje opp dei arbeida eller delar av arbeida som det skal leggjast særleg vekt på ved vurderinga. Av vitenskaplege arbeid bør det ikkje vere fleire enn 5. Det kan i tillegg leverast inn inntil 10 arbeid med meir popularisert og formidlande innhald. Faglege arbeid med liste over desse (alt i 3 eksemplar) skal sendast til Universitetet i Bergen, Institutt for framandspråk, Postboks 7805, 5020 Bergen.

Søknadsfrist: 00.00.2011 Søknaden skal merkast: 11/7931

Professor/førsteamanuensis i norrøn filologi

Ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium er det ledig ei fast stilling som professor, alternativt førsteamanuensis, i norrøn filologi frå 1. januar 2013.

Arbeidsområdet for den som blir tilsett, omfattar forskning, rettleiing og undervisning i norrøn filologi på alle studienivå.

Den som blir tilsett, må ha generell forskingskompetanse i norrøn filologi i form av norsk doktorgrad eller tilsvarande. Det blir kravd solid filologisk kompetanse. Den tilsette bør ha tilstrekkeleg brei fagleg orientering til å kunne undervise og rettleie på alle fagsteg frå lågaste nivå til doktorgradsnivå. I geografisk utstrekning omfattar norrønt det vestnordiske området (Noreg, Island, Færøyane og vesterhavssjøane), i periode høgmellomalderen (1150–1350) og i materiale tekstar både i det latinske alfabetet og i runealfabetet. Det vil bli rekna som ein styrke dersom søkjaren også har dokumentert kunnskap om tida før og/eller etter høgmellomalderen. Filologi blir forstått i vid forstand, og omfattar både språklege, litterære og reale emne. Det vil derfor bli rekna som ein ytterlegare styrke dersom søkjaren har dokumenterte kunnskapar på tvers av dei tre tradisjonelle filologiske felta. Ettersom filologien i siste instans er tekstbasert, må kandidaten under alle omstende kunne dokumentere gode språklege kunnskapar i norrønt.

Under elles like vilkår vil ein søkjar bli føretrekt dersom han eller ho har røynsle med og kunnskap om digital edisjonsfilologi, inkl. fontutvikling, tekstkodning, annotasjon og korpusarkitektur.

Ved tilsetjing som professor må søkjaren ha ein klar internasjonal forskingsprofil. Det vil bli lagt vekt på erfaring i leiing av forskingsprosjekt, koordinering av forskingsaktivitet og dessutan erfaring frå forskingsstrategisk arbeid.

Dersom ingen av søkjarane blir funnen kvalifiserte som professor, vil dei kunne bli vurderte for ei stilling som førsteamanuensis. Det bør opplysast i søknaden om ei stilling som førsteamanuensis er av interesse.

Undervisningsspråket er til vanleg norsk. Det blir kravd at den som blir tilsett, kan undervise og administrere på norsk eller eit anna skandinavisk språk innan to år etter tilsetjing. UiB gir tilbod om norskkurs i desse høva.

Den som blir tilsett, må ha pedagogisk basisutdanning. Søkjarar som ikkje fyller dette kravet ved tilsetjinga, får tilbod om opplæring og må dokumentere at utdanninga er fullført innan eitt år etter dato for tilsetjing. Fristen er to år for den som ved tilsetjinga ikkje meistarar eit skandinavisk språk.

Aktuelle kandidatar må rekne med å bli kalla inn til prøveførelsesning og intervju.

Innafor ramma av normal arbeidsplikt vil den som blir tilsett kunne bli pålagt undervisning, rettleiing og eksamensarbeid utanfor den organisasjonseininga stillinga er knytt til. Vedkomande må også vere innstilt på å utvikle og drive fjernundervisningstilbod eller samarbeide med andre institusjonar, om det blir aktuelt.

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til instituttleiar, professor Johan Myking, tlf. 55 58 24 18, e-post: johan.myking@lle.uib.no, eller professor i norrøn filologi, Odd Einar Haugen, tlf. 55 58 24 17, e-post: odd.haugen@lle.uib.no.

Løn etter lønssteg 67-77 for professor (kode 1013), i statens regulativ. Løn etter lønssteg 57 for førsteamanuensis (kode 1011/LR24) i statens regulativ, vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga (lønssteg 57-64). For særskilt kvalifiserte søkjarar kan det bli aktuelt å vurdere høgare løn. Frå løna går pensjonsinnskott med 2% til Statens Pensjonskasse.

Kvinner blir spesielt oppmoda om å søkje. Dersom dei sakkunnige finn at fleire søkjarar har tilnærma like kvalifikasjonar, vil reglane om kjønnskvoltering i personalreglementet for vitskaplege stillingar bli følgde.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønssamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn blir oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar prinsippet om meirinnsyn ved tilsetjing i vitskaplege stillingar. Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir tatt til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Tilsetjing i stillinga krev at ein har sin daglege arbeidsplass ved Universitetet i Bergen, og rettar seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Søknad skal sendast elektronisk via link på denne sida "SØK PÅ JOBBEN". Søknaden må også innehalde informasjon om og dokumentasjon av pedagogisk innsats og kvalifikasjonar.

Dette må følgje den elektroniske søknaden:

- Søknadsbrev med konkrete planar for arbeidet i stillinga
- Vitnemål frå universitet/høgskole og attestar (skanna versjon)
- Fullstendig publikasjonsliste

Vedlegga kan vere i Word- eller pdf-format.

I tillegg til den elektroniske søknaden skal søkerane sende som ordinær post, ferdig sortert i 3 sett:

- Kopi av publikasjonsliste. Søklarar må i denne lista merkje dei arbeida eller dei delane av arbeid som det skal leggjast særleg vekt på ved den sakkunnige vurderinga.
- Inntil ti vitenskaplege arbeid (inkl. doktorgradsavhandling). I tillegg kan det sendast inntil fem populærfaglege og praksisretta arbeid, t.d. læremiddel. Den sakkunnige komitéen kan i særskilde tilfelle be om ettersending av fleire vitenskaplege arbeid frå ein eller fleire av søkerane.
- Dokumentasjon av søkeren sine pedagogiske kvalifikasjonar. Dette kan til dømes gjerast ved innsending av prov for gjennomført pedagogisk utdanning, evalueringsrapportar om søkeren si tidlegare undervisning, oversyn over undervisningsomfang og -nivå, oversyn over master- og doktorgradsrettleiing og resultat, mottekne studentprisar, eigne pedagogiske publikasjonar, eigne undervisningskompendium og undervisningsmateriell, rapportar som syner deltaking i prosjekt knytt til utvikling av undervisning, herunder alternative undervisningsformer, rettleiing eller læringsmiljø.

Vedlegga skal sendast til Universitetet i Bergen, Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium, postboks 7805, 5020 BERGEN.

Alle søkerar (både dei som berre søker stillinga som professor og dei som alternativt søker stillinga som førsteamanuensis) skal følgje dei same retningslinjene, nemleg dei som er utarbeidde for mellomstillingar:
<https://www.uib.no/hf/artikler/2009/02/veiledning-for-sokere-til-mellomstillinger>

Søknadsfrist: - - - Søknaden skal merkjast: - - -

